



# Introduksjon til kurset, FAIR-prinsippa og datakuratorering

RDA-kurs i FAIR forskingsdatakuratorering

UiT, 20.-21. januar 2020

Philipp Conzett, UiT

# Kva er RDA?

- Johanne har allereie sagt det viktigaste om RDA og den norske RDA-node.
- Eit nasjonalt konsortium har fått pengar frå RDA Europa/EU til å **etablera den norske RDA-noden**.
- **Prosjektgruppa** skal til sommaren koma med eit **forslag** til kva den norske RDA-noden skal vera, og korleis den skal organiserast.
- Prosjektgruppa består av: Katrine Utaaker Segadal (NSD, koordinator), Trond Kvamme (NSD, koordinator), Margaret Fotland (UiO), Philipp Conzett (UiT), Maria Francesca Iozzi (Uninett Sigma2), Anne Fjellbirkeland (UiB), Ingrid Heggland (NTNU), Jan Erik Garshol (Unit).
- Fleire av dei er her i dag og i morgen. Snakk med oss viss du ønskjer å vita meir om RDA og den norske RDA-noden.

# Kva skal den norske RDA-noden gjera?

Nokre hovudoppgåver:

- Formidla kunnskap om god handtering og deling av forskingsdata, t.d. gjennom nasjonale kurs som dette
- Få forskrarar og støttepersonale til å engasjera seg i dette arbeidet

Kva kan du gjera?

- Meld deg inn i RDA! Ope og gratis medlemskap for enkelpersonar.
- Bli med i den [norske RDA-noden](#), og hald deg oppdatert på RDA-aktivitetar i Noreg!
- Sprei informasjon om RDA på din institusjon!

# Kva er målet med dette kurset?

## Kurs i FAIR forskingsdatahandtering

Kurset skal gje deltagarane opplæring i **fire sentrale område** innanfor handtering og kuratering av forskingsdata:

- Bolk 1: **dokumentasjon og metadata**
- Bolk 2: **filorganisering og filformat**
- Bolk 3: **opphavsrett og eigarskap**
- Bolk 4: **lisensar**

Avgrensingar: Lagt mest vekt på data som kan gjerast **ope tilgjengelege** (handtering av personidentifiserande og sensitive data må venta til eit anna kurs).


# Kven er målgruppa for dette kurset?

Kurset er retta mot personar som jobbar med **forskinsstøtte** på norske forskingsinstitusjonar.

Deltakarane er ei god blanding:

- Frå **16 institusjonar**
- Variasjon i kor mykje **erfaring** med handtering og kuratering av forskingsdata deltagarane har

Kor godt kjend er du med FAIR-prinsippa?



Kor mykje erfaring med kuratering har du?



- Godt kjend ■ Noko kjend ■ Mykje erfaring ■ Noka erfaring
- Lite kjend ■ Ikkje kjend ■ Lita erfaring ■ Inga erfaring

# Nokre viktige omgrep

Sjølv om dei fleste er kjende med **FAIR-prinsippa** og har noka er litt erfaring med **kuratering**, kan det vera greitt å friska opp begge **omgrepa** før vi går laus på den første temabolken.

# Kva er FAIR?

- Eit sett med generelle prinsipp for god handtering og tilgjengeleggjering av forskingsdata
- Data som er FAIR,
  - kan gjenfinnast,
  - er tilgjengelege,
  - er interoperable, og
  - kan gjenbrukast.

På engelsk:




Image credit: Sungya Pundir, Wikimedia Commons CC BY-SA 4.0

# Findable

- Publisert med persistent identifikator
- Gode metadata
- Indeksert

Findable

Metadata = beskriving av data

Keyword ?

Døme på metadata:

- Nøkkelord
- Geografisk informasjon

Geospatial Metadata ▲

Geographic Coverage ?

Norway Finnmark

Trolldomsprosess  
Finnmark  
1600-tallet  
Tidlig nytid  
Rettshistorie  
Vardø  
Tingbok

Hagen, Rune Blix, 2019, "Rettsforfulgte trollfolk i Finnmark, 1593-1692",  
<https://doi.org/10.18710/OWP5IP>, DataverseNO, V1

DOI = Digital Object Identifier = ein type persistent identifikator ~ varig lenke/URL



Google Dataset Search Beta

BASE  
Bielefeld Academic Search Engine

UiT Norges  
arktiske universitet

NEW SEARCH DATABASES

My Library ▾


Search Oria

# Accessible

*Accessible* har mest med tekniske aspekt ved dataarkiv å gjera. Men:

- Når ein publiserer dataa sine, bør ein velja eit arkiv som gjer dei tilgjengelege gjennom eit **veldefinert og open protokoll** (t.d. https).
- Ein bør også velja eit arkiv som gjer dataa tilgjengelege i tråd med innhaldet. Døme:

Visse typar data kan ikkje gjerast ope tilgjengelege (t.d. ikkje-anonymiserte persondata), men dei kan kanskje likevel delast i eit arkiv der dei som ønskjer å lasta ned data, må registrera seg og logga inn. Då treng ein **tilstrekkeleg autentisering**.



- Opne metadataformat
- Felles standardar
- Konsistente vokabular

# Interoperable

- Bruk felles metadatastandardar. Det gjeld både
  - generelle metadata, t.d. internasjonalt datoformat (t.d. ISO-8601): ÅÅÅÅ-MM-DD (2019-12-09), og
  - fagspesifikke metadata, t.d. Data Documentation Initiative (DDI) = internasjonal standard for beskriving av data brukte i spørjeskjema og andre observasjonsmetodar i samfunnsfag og helsefag.
- Bruk konsistente metadatavokabular, t.d. DDI-vokabularet for aggregeringsmetode (Aggregation Method); utdrag:
- Interoperabilitet mogleggjer søk og gjenbruk på tvers av datasett og arkiv.

<b>Value of the Code</b>	<b>Descriptive Term of the Code</b>	<b>Definition of the Code</b>
<b>Maximum</b>	Maximum	The highest value attained or recorded.
<b>Minimum</b>	Minimum	The lowest value attained or recorded.

# Re-usable

- Dokumenter data, slik at dei er forståelege og kan gjenbrukast av fagfellar.
- Arkiver data i føretrekte/arkivverdige filformat slik at filene kan opnast og lesast på lang sikt, t.d. rein tekst (.txt) i tillegg til Excel (.xlsx).
- Definer ein klar brukslisens for dataa dine slik at dei som ønskjer å bruka dei, veit kva dei har lov til å gjera med dei. Døme: Creative Commons (CC)-lisensar



- Dokumentasjon
- Opne filformat
- Klare brukslisensar


# FAIR-prinsippa oppsummert

- Persistent identifikator
- Gode metadata
- Indeksert

- Veldefinert og open protokoll
- Tilstrekkeleg autentisering

- Dokumentasjon
- Opne filformat
- Klare brukslisensar

- Opne metadata-format
- Felles standardar
- Konsistente vokabular



# Om kuratering

Kva?

- Sørgja for at data er lagde til rette i tråd med FAIR-prinsippa


Når?

- I heile livsløpet til forskingdata = god forskingsdatahandtering
- Før arkivering = tilrettelegging for arkivering, ofte meir arbeidskrevjande

Kven?

- Forskaren sjølv (i framtida?)
- Meir spesialisert på handtering av forskingsdata: kurator, datarøktar, ...

# Eit døme: Kuratering i DataverseNO



NB! Arbeidsflyten gjeld også ved publisering av ny versjon.

TGO Ramfjordmoen Ionosonde Data July 1993 (version 1.0)

Tromsø Geophysical Observatory, 2018, "TGO Ramfjordmoen Ionosonde Data July 1993", <https://doi.org/10.18710/QBLIP8>, DataverseNO, V1

Cite Database Learn about Data Citation Standard

Description: About this dataset. This dataset contains ionosonde data in SAO format, and covers data from July 01-31, 1993. About the Tromsø Ionosonde (1993-present): Since 1980, the ionosonde was situated at 69° 35' N, 19° 12' E at Ramfjordmoen near Tromsø, Norway and operated by the Auroral Observatory of the University of Tromsø and later on, in collaboration with QinetiQ. The Lowell ionosonde replaced the Auroraal Observatory unit in 1992; see the related publication for details. (2018-12-14)

Subject: Earth and Environmental Sciences; Physics

Keyword: ionogram, ionodata, ionosonde, aurora, ionosphere, SUN-EARTH INTERACTIONS

Related Publication: Hall, C. M., and T. L. Hansen. "20th Century Operation of the Tromsø Ionosonde." *Advances in Polar Upper Atmosphere Research* no. 17 (2003): 155-66.

Files | Metadata | Terms | Versions

Search this dataset... Find

1 to 2 of 2 Files

01\_ReadMeFile.txt Plain Text - 1.8 KB - Dec 14, 2018 - 1 Download MD5: e00ee0aa1694515fc1add03ec68cf7dc3

Upload File Edit Files Download



# Litt meir informasjon om øvingsoppgåvene

- Gruppearbeid med øvingsoppgåver etter kvar temabolk (bortsett frå denne introduksjonen; felles oppgåvebolk etter temabolk 3 og 4 i morgen)
- 5 grupper
  - Kvar gruppe har ein **gruppeleiar/sekretær**
  - Gruppene er fordelt på **grupperom her på UB**; sjå kartlenkjer
- I den delte Google-mappa (**[tinyurl.com/rdano2020](http://tinyurl.com/rdano2020)**) finn dokker:
  - **Gruppeinndeling** med lenkjer til kart over romma (jf. kursannonsen)
  - **Øvingsoppgåvene**
  - **Oppskrift** på korleis dokker kan **logga inn på testbasen** til DataverseNO der vi har lagt ut 4 **øvingsdatasett** som oppgåvene til dels tek utgangspunkt i.
  - Eitt delt dokument per gruppe i **mappa “Svar”** der dokker skal skriva inn svara og ev. spørsmåla dokkar.

# Neste post på programmet:

Bolk 1: Dokumentasjon og metadata – del 1 v/Iris Alfredsson (SND)